



Uskedelingane var talrike på fotballskulen i Rosendal i fjor og blir nok det også i år. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I fjor var det 23 aktive spelarar frå Uskedalen med i Tine Fotballskule i Rosendal og det er ikkje utelukka at det blir enda fleire dette året. I tillegg kom stilte det i fjor opp ein fyldig gjeng med instruktørar og hjelparar. I år er det skule måndag 23, tysdag 24. og onsdag 25. juni.

Eldsjelen bak fotballskulen i Rosendal Arvid Nes opplyser til uskedalen.no at han har utstyr til 100 deltakarar og 30 instruktørar. I og med at det var 94 fotballspelarar med i fjor ser han ikkje bort i frå at det kan bli nødvendig å begrensa talet og då kan ein til dømes leggja geografiske kriteriar til grunn.

Men førebels har han ingen oversikt over kor mange som kjem, for fristen for innmelding går ikkje ut før 10. juni.

Det blir opplyst frå sentralt hald at dei reknar med 80.000 deltakarar i Tine Fotballskule dette året og det vil i tilfelle vera ny rekord. Det blir fotballskule 400 stader i Noreg denne sommaren.

Av Ola Matti Mathisen